

Bukkelifjell - Trogafjell



Lengst nord i Bø og aust for Lifjell ligg Bukkelifjell og Trogafjell. Her finn vi tufter etter stular og plassar som vitnar om ein hardare kvardag enn vår. I vår tid har skogen teke over der det før var opne setervollar og beitemark, men snaue kollar, myrar, og blinkande små vatn liver opp i landskapet. Utanom dei merka stiane finst det umerka stiar og spennande "villmark" for det som ønskjer å ta seg fram på eiga hand.




Frå Bukkelifjell mot Gaustatoppen. Foto Arne Hjeltnes

Årnotdalen er eit naturleg utgangspunkt for turar i desse fjellstrøka. Gode turutgangspunkt er:

- Årnotgvollen, ved Nordårmote der turlagets informasjonstavle står og
- P-plasen ved vegbommen ved Grønbygil

Frå **Årnotgvollen** får du ein fin tur rundt Bukkelifjell. Følg stien til Årlia og fortsett til Løkjindammen. Her kan det passe med ein liten kvil utpå berga under dammen. Flott utsikt utover dalen. Vidare går stien fram til Tyristul og opp til det vakre vatnet Pina. Kanskje passar det å ta fram nistepakka her, eller du kan vente til du kjem opp til Rypeskaret med utsikt mot Gaustatoppen? Herifrå viser kartet to stialternativ, begge fører til Skarestulen og derifrå tilbake til parkeringa. På ein fin dag kan det vere freistande å forlate stien for å vandre innover Bukkelifjellet. Her rår ro og fred og urørt natur med små blinkande vatn og tjønner.



Greplyng Foto Arne Hjeltnes



Løkjinn. Foto Arne Hjeltnes

Ved **Løkjindammen** kan du forlate stien rundt Bukkelifjellet og gå fram til den gamle plassen Løkjinn der kjempekaren Hølgje Døvre dokk rydda jord for seg og familien sin i 1850 åra. Herifrå fortset stien opp til Trogatjønnane. Framme ved store Trogatjønn har du valet mellom å gå til høgre mot Blåfjell og kanskje besøke hola der stortjuven Tov Murukleiv gøymde seg for øvrigheita, eller å gå til venstre opp mot "Lifjellmannen" og Trogafjell. Frå Lifjellmannen går det sti ned til Grønbygil ved bilvegen mot Gavlesjå. Herifrå går det også ein sti som fører deg tilbake til Løkjinn.

Frå **Grønbygil** går det merka sti til Gryta og vidare opp mot dei høgaste Trogafjelltoppane. Her har du strålende utsikt i alle retningar og stien fører deg vidare over Røgnlifjell og deretter ned til Gavlesjå og Gavlesjåstulen der det er servering når stulen er i bruk. Derifrå er det grei sti/veg tilbake til parkeringsplassen og Grønbygil. Under Røgnlifjell ligg Blåur og den floristiske perla kalla Sveins hage, dessutan to små naturreservat med dei høgstliggande barlindførekomstane i landet.

Frå **Grønbygil** går det også merka sti over Aslakstulåa opp Øktergvollen. På toppen av Øktergvollen har du valet mellom å gå mot Økteren og vidare fram til Høllenfossen eller du kan velje stien mot Øysteinnatten om du ønskjer deg dit.

Frå **vegbommen litt innafor Grønbygil** kan du følgje veg eller sti inn mot Gavlesjå. Her finn du fleire turalternativ å velje mellom. Sveins hage og Gavlesjåstulen er eit, Ljoslihovet og Tjønnstul eit anna og Høllenfossen og Høllen eit tredje.

Har du tatt med deg **Turkart Lifjell** er dei raudmerka stiane lette å finne. **God tur!**